

Helsing  
til dei  
gamle!



Du gamle, som sit der so einsleg i krå,  
— so avgøymd og gløymd av dei fleste —  
med' livsdagen skrider so tungsum og grå —!  
Ei gledeleg helsing i dag Du skal få:  
«Din Frelsar vil gjerne Deg gjeste!»

Han hev deg i tankar kvar eniaste dag.  
Han ser Deg i særmerkjê sine!  
Han veit om kvart vonbrot, kvar sorg og kvart slag  
Du fekk på di ferd under livet sitt jag,  
Han veit og om syndene dine!

Men likevel elsker han — meir enn ei mor  
hev elska sitt spebarn ved barmen!  
Trass alt Du hev synda i åri som for —  
Ja, om din misgjerning var aldri so stor —:  
Han tok på seg domen og harmen!

Å, gjev Deg din kjærlege Frelsar i veld!  
På honom Du aldri treng tvila.  
Gå Du — som ein syndar — til Jesus med alt.  
Og når Du din tilstand til han hev fortalt  
i soningi hans finn Du kvila.

No kjem han på ny — i den komande jol —!  
Med nåde og fred han Deg helsar.  
Vil vera — i myrkret — di Himmelske sol,  
der Du — med di misgjerd — får krypa i skjol.  
— «Som barn halda jol med din Frelsar!» —

Johs. M. L. Rydland.